

Berekraftvekene

-eit felles skuleprosjekt



Bakgrunn for prosjektet



Me ynskja oss eit felles skuleprosjekt, som kunne profilere oss og det me gjer på skulen på ein god måte. Samtidig ville me styrke det tverrfaglege samarbeidet ved skulen, ved blant anna å utforske nye måtar å organisere læring på med mål om meir djupnelæring. Difor vart Berekraftvekene arrangert ved skulen vår for første gong i februar i fjor, og me utviklar det vidare no i år.

Me utforskar også nye samarbeidsformer mellom skule og ulike eksterne aktørar, og samarbeider med FN-sambandet, der me er med i eit nettverk av skular som utviklar undervisningsopplegg om berekraftig utvikling. Prosjektet vårt ser me difor på som ei praktisk tilnærming til den fagfornynginga norsk skule er inne i no.

Fag: Fleire, til dømes naturfag, samfunnsfag, norsk, matematikk, idrettsfag, geografi og sosiologi

Trinn: VG1, VG2 og VG3. Skulen har 12 ulike studietilbod og både studieførebuande og yrkesfaglege linjer deltek.

Læringsarena: Skulen og nærområdet i kommunen

Ekstern kompetanse: FN-sambandet, bedrifter, Stord kommune

Kva gjer me?



Utgangspunktet for aktivitetane og undervisningsopplegga er FN sine 17 berekraftmål, som ein utforskar og jobbar med på ulike vis i fag. I år går Berekraftvekene over 2 veker. Det skjer mykje på skulen under desse vekene.

Her er noko av programmet:

- *Vekene startar med ei felles markering for heile skulen
- *Det var arrangert ein solidaritetsdag, der elevane samlar inn pengar til utdanningsstipend i Stord sin vennskapskommune Comalapa i Guatemala
- *Rollespel om ekstremisme i Europa i kommunestyresalen i rådhuset til Stord kommune. Samfunnsfag på VG2 studiespesialiserande
- *Ulike prosjekt mellom naturfag og samfunnsfag på VG1: Plusshus og tekstilindustrien
- *Aktivitetsdag med ulike postar knytt til FN sine berekraftmål. Bli arrangert av idrettsfag for elevar ved naboskulen vår, Stord ungdomsskule. Klassar frå andre linjer på skulen bidreg med postar
- *«Sustainable energy». Internasjonal engelsk
- *Prosjekt med å lage miljøstasjon på byggfag
- *Arbeidslivskonferanse på VG2 yrkesfag



Kva ynskjer me å oppnå med prosjektet?

Målet er at berekraftprosjektet ved skulen skal vere eit felles prosjekt, der så mange som mogeleg deltek. Me vil at elevane skal få eit eigarskap til prosjektet, og at ein merkar at skuledagen er noko annleis under desse vekene. Som eit overordna mål vil me at dei skal utvikle kunnskapane, dugleikane og haldningane sine. Me ynskjer at dei skal få ei betre og breiare forståing av kva berekraftig utvikling er, og kva det har å seie for dei. Gjennom undervisninga vil me utvikle kritiske tenkjarar, ved å blant anna la elevane får gå i djupna, ta stilling til problemstillingar og argumentere for eigne meininger.

Samarbeidet med FN-sambandet skal halda fram i form av ressursar og undervisningsopplegg, og me ser for oss ei vidare utvikling i forhold til samarbeid med lokale aktørar.

Kontaktinformasjon

Stord vidaregåande skule

Øystein Djuve, oystein.djuve@hfk.no

Rolf Bjørkelund, rolf.bjorkelund@hfk.no

Ingvild Kannelønning, ingvild.kannelonning@hfk.no